

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

7. søndag i treeiningstida – 27. juli 2014

Preiketekst: 1 Mos 16, 1-13

Lesetekst I: 1 Joh 4, 7-10

Lesetekst II: Luk 15, 1-10

Gud som ser

Ein GT-tekst

På 7. søndag i treeiningstida er preiketeksten henta frå første boka i GT, Genesis. Dermed vert det eit høve til å la Guds openberring i den gamle pakt tale til menneske i dag. Skal dette gi meining, må det bygge på eit grunnleggande premiss: Israels Gud er vår Gud.

Lang og kronglete som denne openberrings saga er, med alle dei mørke sider som Gudsbiletet vert belasta med når kampen for monoteismen gjev seg utslag i hardhendte møte med folkegrupper og personar – så er det likevel ei søge om "Han som ser".

Det er vanleg å rekne med at Mosebøkene var nedskrivne i den tidlege kongetida, og at stoffet vart teke vare på og supplert av muntleg overlevering. Husfar, prest og profet tok vare på tradisjonen, i truskap mot Herren.

Sosiale ordningar

Abrahamsfortellinga (11, 27-25, 18) utgjer sentrum i 1. Mosebok. Kjernepunktet er korleis Gud kan oppfylle sin lovnad til Abraham om ei tallaus ætt. Etter ti år i venting vil den barnlause Sarai nytte trellkvinna Hagar som "surrogatmor", ei ordning som var velkjend mellom vest-semittiske folkeslag på denne tida. Dette syner andre litterære kjelder, til dømes Hammurabis lov (1800 f.Kr). Abraham levde ikkje i eit sosialt eller kulturelt vakum.

Å vere ufruktbar var ei skam og ei ulykke i slektssamanhengen, for velsigninga skulle vidareførast gjennom etterkomarane. Den gifte kvinna var verdiløus om ho ikkje kunne føde barn. Men slavekvinna på si side hadde ikkje krav på statusheving fordi ho bar fram husbonden sitt barn.

Sara og Hagar

Det vi ser i teksten, er altså ikkje berre ei forståeleg rivalisering om éin mann mellom to kvinner – der ho som er gift med han, kjenner seg krenka - men det er også eit juridisk spørsmål som kjem opp: Kven er Sara, og kven er Hagar, etter det som har hendt?

Abraham vert skyteskive, og han må syte for at Sara får ha sin status uendra: *Då sa Sarai til Abram: «Det er di skuld at eg blir krenkt! Eg gav slavekvinna mi i din famn, men då ho oppdaga at ho var med barn, såg ho ned på meg. Herren skal døma mellom meg og deg!»* Abram sa til Sarai: *«Sjå, slavekvinna er i di hand. Gjer kva du vil med henne.»* Og Sarai audmjuka henne, så ho rømde frå henne.

Dermed vert også Abrahams førstefødde son – alt som foster - ein flyktning.

Guds kjærleik

Søndagens tema kjem fram når alle tekstane vert stilte saman, og på 7. søndag i treeiningstida kan kyrkjelyden møte svar på ei rekke eksistensielle spørsmål:

- Har Gud verkeleg oversikten?
- Ser han enkeltmennesket?
- Kan Gud vende det vonde til det gode?
- Kva kan Gud gjere ut av det som hender oss, godt eller vondt?

Fellesnemnar i *alle svara* er Guds kjærleik.

Oftast vil ein identifikasjonsfigur i ei fortelling gjere at den kjem oss nær og talar til oss. GT er rikt på slike menneske av kjøt og blod. Hagar er slavekvinna frå Egypt, som i utgangspunktet ikkje har noko forhold til Abrahams Gud. Ho er ein framand – men møter Gud. Han er rik nok for alle som kallar på han, seier NT – ja, også dei som *ikkje* kallar på Han. Hagar søkte ikkje Gud, men ho vart funnen der ved vasskjelda.

Herrens engel talar på vegner av Herren og blir sidestilt med Herren i v. 13. *Herrens engel* eller *Guds engel* har ei rolle i mange fortellingar i 1. Mosebok, til dømes 22, 11-15 (Abrahams offer); 48, 15-16 (Jakob velsignar Josefs søner). Herrens engel representerer Guds frelsande hjelp gjennom historia – den reddande engelen. Når Gud openberrar seg *synleg*, trer han fram som Herrens engel. (2 Mos 33: Du kan ikkje få sjå andletet mitt», sa han; «for eit menneske kan ikkje sjå meg og leva.»)

Sjelesorg-samtale

Samtalen med Herrens engel vert ein slags sjelesorgsamtale, og har to tema: 1) Problemløysing; 2) Herrens velsigning og håp for framtida.

Erkjenning av situasjonen og rådgjeving høyrer med i sjelesorga. På det menneskelege plan er vi medvitne om kor viktig det er å "bli sett". Vi har eit grunnleggande behov for å bli "sett" av minst eitt anna menneske. Det å kjenne seg "sett" betyr å kjenne at nokon ser oss "bak fasaden", at nokon ser oss "som vi verkeleg er".

Hagar må akseptere sin stand og stilling – utan at vi dermed kan seie at teksten er eit forsvar for slaveri. Slik var samfunnsordninga då, og utan Sara sin velvilje og Hagar sin trygge plass i huset, er ho og guten fortapt. Derfor er det mild omsorg i rådet om å finne (att) sin plass. Og Herren gjev ikkje berre råd, han sender henne myndig i veg: *«Vend attende til husfrua di og lat deg audmjuka under hennar hand!»*

At det er Herren som talar, går fram av lovnaden v.10: Det er Gud sjølv som skaper, som gjer fruktbar, som velsignar. Hagar får eit håp å bygge på: Ho ber eit gutebarn, han får eit namn av Herren: Ismael = Herren høyrer.

Kva visste vel Hagar om bøn? Herren høyrer også ordlause sukk frå menneske i naud.

Etterslekta skal bli tallaus, sjølv om han ikkje er Abrahams lovnadsson. Han skal ikkje bli bufast i det lova landet, men finne sin plass i villmarka. Også Ismael skal bli stamfar til ei stor ættegrein etter Abraham. 1 Mos 25: Dette er slektshistoria til Ismael, son til Abraham, som Hagar frå Egypt, slavekvinna til Sara, fødde han.Dette var sønene til Ismael; dette er namna deira der dei bur i landsbyane og leirane sine, tolv hovdingar, kvar for sin klan.

Guds namn

Herren(s engel) har ikkje presentert seg med namn, men Hagar gjev han namn med bakgrunn i det ho har opplevd: «*Du er ein gud som ser meg.*» Det er Guds nådige blick som ligg i namnet "Den sjåande Gud". Guds auge er ikkje det kontrollerande, men fullt av kjærleik og omsorg. Herren har vist seg i ein skapnad som Hagar kunne tåle å møte.

Fleire openberrings-fortellingar har ei slik avslutning, til dømes når Abraham er på fjellet med Isak: *Abraham kalla den staden «Herren ser». Den dag i dag seier dei: «På fjellet der Herren lèt seg sjå.»*

«*Du er ein gud som ser meg.*» Hagar har ikkje fått status som trusvitne, slik Abraham og Sara fekk det (Hebrearabrevet er trass alt skrive til jødar). Men den tillit og tilbeding ho gjev uttrykk for - «*Har eg her verkeleg sett han som ser meg?*» - fortel at det har vore eit ekte møte med den kjærlege Gud. Hagars frustrasjon og fortviling førde henne ut i øydemarka i ein håplaus situasjon. Der vart ho møtt, sett, kjend av Herren. Hagar fekk ein smak av ein trygg gudsrelasjon.

Linjer til NT

Jesus hadde blikket for den eine – den sjuke, den sørgande, tiggaren, syndaren. Han tala om den bortkomne sauene og om sølvmynten som kvinna hadde mist. Han poengterer gleden i himmelen over den eine som vert berga. Han syner menneskeverdet i ord og handling.

I Kristus rekk håpet ut over det kjende verdsbiletet og den kjende verda. Ein god bodskap til alle tider – for heidningar (Hagar), for jødar (Abraham), for kvart lite menneske i dag.

*1 Joh 3: Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss: Vi får kallast Guds born – ja, vi er det! Verda kjenner oss ikkje, fordi ho ikkje kjenner han. Mine kjære, no er vi Guds born, og det er enno ikkje openberra kva vi skal bli. Vi veit at når han openberrar seg, skal vi bli like han, for vi skal **sjå** han som han er.*

1 Kor 13: No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi **sjå** andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er **kjend** av Gud.

Annbjørg E. Hesselberg

Pensjonist. Tidlegare misjonssekretær i Israelsmisjonen. Tidlegare medlem av Landsstyret i DNI. Bur i Stjørdal.

annbjorg.hesselberg@ntebb.no